

REFERAT FRÅ MØTE I PROGRAMUTVAL MEDISIN

Onsdag 7. februar 2018
Kl. 13.15 – 15.30
Stad: Rom 437 AHH

Tilstade: Arne Tjølsen (leiar), Kari Indrekvam, Knut Teigen, Øystein Hetlevik, Olav Tenstad, Gunnar Høvdning (frå sak 01-18), Edvin Schei. *Studentar:* Kathrine Nyhus, Solveig Benno Ski, Gard Aasmund S. Johanson

Administrativt: Evelyn Myrå Holmøy (referent)

Ikkje tilstade: Ole Jacob Møllerløyken, Jan Gunnar Hatlebakk, Nils-Halvdan Morken, Birger N. Lærum, Arvid Lundervold, Clive Bramham,

I	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent.
II	Referat frå førre møte 6. desember 2017 Godkjent. Styrking av studentane si aktive rolle i PUM <ul style="list-style-type: none">• MED7 - Eit semester som har skapt hovudbry for studentane, sjølv tredje gang semesteret gjennomførast. Studentane opplever at evalueringar og tilbakemeldingar ikkje blir tatt vidare. Avvik mellom pensum og undervisning. Diskusjon om samansetning av semesterstyra (sjå også sak 44-17), om kva mandat som finst for semesterstyra, tolkningsrommet for desse og retningslinjer frå driftsstadiumet av semesterstyra. STUND og PU-leiar er også orientert, forslår at semesterstyra sjølve legg fram forslag for samansetjing. Det foreslås at PU-leiar har ein samtale med semesterstyreleiar MED7, i etterkant av evalueringsrapporten som er skrive. PU-leiar tar dette vidare, lesar STUND-rapportane frå MED7, vurderer om ein studentrepresentant skal vere med i møtet.• Sikre kvalitet på eksamen/vurdering - Mange studentar har hatt eksamenar i ny studieplan, og opplever diskrepans mellom pensum og eksamensoppgåver. MCQ opplevast som ein dårleg vurderingsform. Denne saka vil diskuterast i samanheng med Prodekan Hunskaars plan om å sette ned ein eksamenskomité som skal kvalitetssikre alle eksamensoppgåvene i medisinstudiet. PUM diskuterer dette vidare under neste sak.

Drøftingssak: Eksamensoppgåver MED4 og MED8

PUM vedtok 6.12.17 å pilotere ei ordning med å lese gjennom eksamenssett frå alle semesteremna i PRMEDISIN (46-17, punkt 2) med vekt på å kvalitetssikre at eksamen testar studentane i læringsutbyttebeskrivelsane (LUB), og det ein har planlagt at studentane skal lære. I "Alminnelige retningslinjer for sensorveiledning ved Universitetet i Bergen" står det at sensorveiledning skal innehalde læringsutbytte, pensum, undervisning, og forventning til svar.

- Oppgi relevant pensum for kvart eksamensspørsmål, t.d.
- Oppgi kor i undervisninga dette spørsmålet vart dekket

(Gunnar Høvding ankom møtet)

Vurderingsformene i dei nye semesteremna blir ekstra krevjande grunna store emne med mange fag involvert. kapasitetskrevjande. MED4 har prøvd semesterhandbok, og at kvar undervisar har plikt til å oppi kva hen har tenkt å undervise i, og kor temaa finst i lærebøkene/kjernepensum. På MED4 oppleves dette som ein fordel både for studentar og undervisarar. Denne organiseringa bidrar til å unngå at ein får "den same forelesinga fleire gonger". Dette er starten på den generelle debatten som skal gjelde alle semestereksamenar, kanskje vi kan spele inn moment til eksamenskomité når denne blir starta. Skal profesjonssøyla inngå i eksamensoppgåvene?

PUM tar for seg nokre eksempel på eksamensoppgåver som kan tydeleggjere kva vi ynskjer at kan justerast, og ynskjer at debatten finner middeleggen mellom kva den enkelte spesialist meiner at skal inngå i LUB, og kva ikkje-spesialistar meiner.

MED4 – eksamen speilar at dette er eit basalemne, speilar undervisninga. Nokre oppgåver oppfattast som spesialistkunnskap: Eksempel kan vere oppgåvene 2.12, 2.13, 2.24, 2.25, 3.3, 3.6 - debatten går om kva som er klinisk kompetanse og forskingskompetanse.

Semesterstyreleiar Tenstad var bekymra i forkant, men studentane gjorde det svært godt på eksamen, sjølv om studentane melder at eksamen og undervisning var vanskeleg. Komplisert språk og orddelingsfeil gjer det ekstra krevjande for studentane, som ynskjer at det skal nyttast dei same termene i undervisninga som i eksamensoppgåvene.

Første og fjerde semester har opna for at studentane får éi veke etter eksamen til å kommentere oppgavesettet, før endeleg sensur i emnet var satt – dette kan anbefalast til andre semester.

MED8 – eksamen speilar tydeleg fokus på sjukehusmedisin. Skriftleg eksamen er kopla med munnleg eksamen. Eksamenssettet kan bli betre kvalitetssikra. Mykje vanskelege termar og lange setningar i alternativa i fleirvalsoppgåvene. Plastikkirurgioppgåvene var svært spesifikke. Manglar pasientperspektiv.

Generelle moment i diskusjonen: Det er vanskeleg å lage MCQ-spørsmål. Det er ein vanskeleg balanse mellom konkrete spørsmål som er detaljar i pensumet, og å fange opp dei store folkesjukdommane. Kva skal dei vanskelege temaa vere? Viktige spørsmål burde ikkje vere vanskelege, i.a. dei viktige tinga burde vere

<p>VEDTAK</p>	<p>godt nok dekkja i pensum og undervisning til ikkje å vere vanskelege spørsmål. Generelle manglar: diagnostiske prosedyrar, pasientkontakt, innvandrarbehandling, for lite fokus på "mennesket". Hensikten med å gjennomgå eksamenssetta bør vere at ein kan luke ut det som er unødvendig å teste studentane i, og kva som ein bør teste meir. Fakultetet vil nok også seie noko om prosessen med å optimalisere eksamen.</p> <p><i>PUM tar saka til etterretning, og held fram med å gjennomgå eksamenssett frå semesteremna.</i></p>
<p>02/18</p> <p>VEDTAK</p>	<p>Oppfølgingssak: Kull-tur for studentar i ny studieplan Studentane meldte på møte i PUM 6.12.17 inn ynskje om å reise på kull-tur også i ny studieplan (under "Studentane si aktive rolle"). Semesterstyra i MED7 og MED10 har vorte inviterte til å seie si meining til PUM om kull-tur. Semesterstyra i MED7 og MED10 har stilt seg positive til å samle to undervisningsfrie dagar for å gjere mogleg ein reise i ei langhelg for studentane. MED7 føreslår torsdag og fredag hhv. i november og i mai. Ibm påske og semesterslutt vil det også vere mogleg for studentane å reise. Studentane opplever det som lite hensiktsmessig å ha kull-tur med heile kull på 160 studentar, og så seint som i 10. semester pga. bli-kjent-funksjon av kull-tur.</p> <p><i>PUM tar saka til etterretning.</i></p>
<p>03/18</p> <p>VEDTAK</p>	<p>Orienteringssak: Ny sensur av eksamen i MED5 Semesterstyret og eksamenskommissjonen i MED5 avgjorde at kvart av dei seks faga skulle vurderast kvar for seg, og om ein strauk i éin av desse delane, vil det bli stryk i heile semestereksamen. Prodekan valde grunna mykje klager og tvil om tolkinga av "Retningslinjer for semestervurdering" å underkjenne sensur, og sette i gang ny sensurprosess for semestereksamen. Instituttet har hatt ansvar for å administrere ny sensur av eksamen. Resultat av andre sensur er omtrent identisk med første sensur. Det høge antal klager tydar på diskrepans mellom studentanes forventningar, undervisninga og eksamen, særleg i farmakologi.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i></p>
<p>04/18</p> <p>VEDTAK</p>	<p>Orienteringssak: Programsensors rapport Programsensor har levert sin rapport for 2017. Lagra i ephorte under sak 2008/3759.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i></p>
<p>05/18</p>	<p>Vedtakssak: OSCE-retningslinjer Komiteen for OSCE har levert forslag til retningslinjer. MED6 har levert kommentarar til retningslinjene i forkant av møtet.</p>

VEDTAK	<p>PUM meiner at heile avsnittet om "Hovedkarakter" (karaktergrense E) skal fjernast eller evt omskrivast.</p> <p>§6.11 "Kontinuasjoneksamen/ny eksamen" er overflødig i retningslinjene, fordi det er fanga inn av andre MED-reglement. For MED6 vil det verte arrangert ny eksamen halvvegs i påfølgande semester.</p> <p><i>PUM vedtar retningslinjene for OSCE, etter fjerning av heile §6.11, dei siste to linjene i dokumentet og heile avsnittet om "Hovedkarakter". Sistnemnte avsnitt må eventuelt skrivast om og leverast inn til PUM igjen i eit seinare møte.</i></p>
---------------	---

Orienteringar

- OSCE-eksamen i 6. og 12. semester i medisinstudiet
- Praksisperiodar, logistikk
- Signering av tenestekort, medisinstudiet
- MED4 og tellande TBL, ikkje i strid med UiBs eksamensreglement
- MED11 emnebeskriving (med mindre endringar)

Ymist

Arne Tjølsen
Leiar PUM

Evelyn Myrå Holmøy
Sekretær PUM

Kommande saker i PUM:

- Eksamensoppgåver MEDOD1 og MED7